



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
29/23	Utval for samfunnsutvikling	14.03.2023

Kommunalt næringsfond - vurdering av retningslinjer

Samandrag:

Utval for samfunnsutvikling har bedt om å få framlagt lokale retningslinjer for bruk av kommunalt næringsfond for vurdering.

Utval for samfunnsutvikling 14.03.2023

Behandling:

Frank Roy Moltu (FOLK) kom med framlegg om å fjerne fylgjande frå pkt. 9: "og kan føre til styrka sentrumsutvikling" og "tiltak"
Opprinneleg framlegg med endring vart samrøystes vedteken

USU - 29/23 Vedtak

Utval for samfunnsutvikling vedtek følgjande reviderte retningslinjer for det kommunale næringsfondet:

1. Firmaadresse og bustadadresse skal vere i Herøy.
2. Eigeninnsats/arbeidstimar kan ikkje reknast inn som ein del av grunnlaget for tildeling av midlar.
3. Frist for gjennomføring av prosjekt og utbetaling av tilskot vert sett til 31.12. påfølgande år.
4. Søknadar kan gjevast tilskot med inntil 50% av søknadsgrunnlaget. Dersom det skal gjevast tilskot over 50% skal dette avgjerast av det politiske skjønn, maksimalt 75%.
5. Tilskot under 100.000,-kan utbetalast ved oversending av kvitteringar og enkelt rekneskap i tråd med innvilga søknad.
6. Datterselskap er som hovudregel ikkje berettiga tilskot.
7. Alle søkjarar skal via Hoppid-rådgjevar for rådgjeving før ein kan søkje.
8. Søknadar skal leverast via www.regionalforvaltning.no
9. Tiltaka skal vere nyskapande og generellt positive for kommunen

Kommunedirektøren si tilråding:

Utval for samfunnsutvikling vedtek følgjande reviderte retningslinjer for det kommunale næringsfondet:

1. Firmaadresse og bustadadresse skal vere i Herøy.
2. Eigeninnsats/arbeidstimar kan ikkje reknast inn som ein del av grunnlaget for tildeling av midlar.
3. Frist for gjennomføring av prosjekt og utbetaling av tilskot vert sett til 31.12. påfølgande år.

4. Søknadar kan gjevast tilskot med inntil 50% av søknadsgrunnlaget. Dersom det skal gjevast tilskot over 50% skal dette avgjerast av det politiske skjønn, maksimalt 75%.
5. Tilskot under 100.000,-kan utbetalast ved oversending av kvitteringar og enkelt rekneskap i tråd med innvilga søknad.
6. Datterselskap er som hovudregel ikkje berettiga tilskot.
7. Alle søkjarar skal via Hoppid-rådgjevar for rådgjeving før ein kan søkje.
8. Søknadar skal leverast via www.regionalforvaltning.no
9. Tiltaka skal vere nyskapande og kan føre til styrka sentrumsutvikling og generelle positive tiltak for kommunen

Saksopplysningar:

Utval for samfunnsutvikling ba administrasjonen om å legge fram lokale retningslinjer for utvalet for gjennomgang.

Den lokale retningslina vart revidert 01.03.2022 og er gjeldande saman med retningsline frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Begge dokumenta finn ein her: <https://www.heroy.kommune.no/tenester/landbruk-og-naring/naringsutvikling/kommunalt-naringsfond/>

Utval for samfunnsutvikling sendte saka attende 17.01.2023 med følgjande oppdrag: *Næringsforumet blir invitert til å kom med innspel før endeleg handsaming.*

Administrasjonen sendte såleis saka til Herøy næringsforum for uttale 03.02.2023 og fekk svar 17.02.2023.

Styret i Herøy næringsforum kom med slikt innspel til saka:

har nå fått flere tilbakemeldinger fra styre og styreleiar på foreslåtte retningslinjer om at disse er gode, men at retningslinja som inneholder «tiltaka skal være innovative» bør erstattes med «tiltaka skal være nyskapande».

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren har lagt fram sak om revidering av retningslina som vart handsama i utvalet 01.03.2022.

Kommunedirektøren har ikkje konkrete forslag til kva som bør endrast i retningslina, men vil kome med nokre forslag til kva som kan gjerast for å klargjere, spisse bruken av næringsfondet.

Dømer på nye retningslinjer som kan nyttast:

- Det vert handsama søknadar to gongar i året, hhv. mai og november.
- Søknadar som har eit element av innovasjon vert prioritert.
- Oppstartsmidlar til verksemder som tilbyr noko nytt til Herøy vert prioritert.
- Verksemda treng ikkje ha kontoradresse i Herøy, men tilskotet må bidra til nye eller oppretthalde eksisterande arbeidsplassar i Herøy kommune.
- I perioden 2023-2025 vil søknadar innan reiseliv bli prioritert

Døme på ny avgrensing:

Kommunalt næringsfond kan ikkje nyttast til:

- Etablering av selskap innanfor same bransjar som finst i Herøy kommune i dag.

Saka vert lagt fram for politisk handsaming etter utvalet sitt ynskje.

Kommunedirektøren rår til at følgjande retningslinjer vert vedteke av utval for samfunnsutvikling:

1. Firmaadresse og bustadadresse skal vere i Herøy.
2. Eigeninnsats/arbeidstimar kan ikkje reknast inn som ein del av grunnlaget for tildeling av midlar.
3. Frist for gjennomføring av prosjekt og utbetaling av tilskot vert sett til 31.12. påfølgande år.
4. Søknadar kan gjevast tilskot med inntil 50% av søknadsgrunnlaget. Dersom det skal gjevast tilskot over 50% skal dette avgjerast av det politiske skjønn, maksimalt 75%.
5. Tilskot under 100.000,-kan utbetalast ved oversending av kvitteringar og enkelt rekneskap i tråd med innvilga søknad.
6. Datterselskap er som hovudregel ikkje berettiga tilskot.
7. Alle søkjarar skal via Hoppid-rådgjevar for rådgeving før ein kan søkje.

8. Søknadar skal leverast via www.regionalforvaltning.no
9. Tiltaka skal vere nyskapande og kan føre til styrka sentrumsutvikling og generelle positive tiltak for kommunen

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen

Konsekvensar for folkehelsa: ingen

Miljøkonsekvensar: ingen

Økonomiske konsekvensar: ingen

Beredskapsmessige konsekvensar: ingen

Konsekvensar for barn og unge: ingen

Trond Arne Aglen	Ole Magne Rotevatn
Kommunedirektør	Konstituert kommunalsjef samfunnsutvikling